



Tutta Laukholm, her i døra på Rød, hald fram med å levendegjera juletradisjonane i vårt distrikt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Eg er ei gamal museumsdame og her på Rød har eg vore mange gonger før.

Slik introduserte ho seg for 12 førsteklassingar frå Uskedalen, Tutta Laukholm, før ho fredag lærte dei korleis folk feira jul før i tida



- Så gjer vi så når vi vaskar vårt golv! (Foto: Ola Matti Mathisen).

Det vart ei svært minnerik stund, for Tutta er ein god pedagog og dei unge uskedelingane imponerte med gode svar. Og så intenst og interesserte som dei fylgde med i halvannen time! Før dei gjekk annanklassingane gjennom det samme programmet.

- Dere er så kloke at jeg er kjempestolt av dere, sa Tutta, som var bestemora i rollespelet og trylla oss alle attende til eit anna hundreår.



Dei kjevlar ut lefsa: Frå venstre Mats Løland Eik, Jakob Soltveit Taranger og Adrian Storøy. (Foto: Ola Matti Mathisen). Folkeminnevitenskap er eit fengslande fag når ein veteran som Tutta set i gang med å levandegjera historia. Då ho var fast tilsett ved museet på Stord nytta ho alle "underbruka" til dette føremålet. Ho var også innom Bygdetunet Rød og syner oss begeistra ord frå elevar som opplevde henne der. No bur ho i Namsos, men ho er glad for å komma attende til Sunnhordland frå tid til annan. Denne gongen hadde ho også Kirkhustunet på Hatlestrand som "arena" og vitja dessutan Rosendalstunet. Tutta har no halde på sidan 1992 med å presentera juletradisjonane på denne måten.

- Dette er ein viktig motvekt mot den kommersialiserte jula, sa ho til uskedalen.no før ho fortalde

førsteklassingane korleis dei før i tida spara på maten for at det skulle vera nok til alle til jul.

På den tenkte julekveldsmenyen på Rød denne gongen var det lefse med lutefisk i og risengrynssuppa. Men før dei kunne nyta, måtte elevane yta – dei måtte fiska, samla ved, bera vatn og baka lefser.

Dessutan laga dei lys "på skikkeleg" av bivoks frå Bømlø og Tutta sa: - Slike lys var den største rikdommen dei hadde på garden.

Ungane leika også at dei bada i stampen og fekk nye klede på før julehøgtida.

Dei song fleire julesongar så vakkert at "bestemor" felte ei tåre.

Og dei mala kors på døra for å gjera det trygt for både menneskje og dyr.

Fuglar, dyr og nissar fekk også sitt og bestemor fortalde nissehistorier før barn og vaksne la seg i julehalmen på golvet. Sengene skulle dei underjordiske liggja i juleatta.

Av Ola Matti Mathisen



Unge vassberarar i aksjon på Rød: Veslemøy Haugland og Ann Helen Rød på trappa, bak lærar Hilde Bringedal. (Foto: Ola Matti Mathisen).